



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/fra Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidrarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnssoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Drifts- og vedlikehaldsarbeidar - 100% fast stilling

### Stillingsinformasjon

Ved avdeling for Eiendom, anlegg og beredskap er det ledig fast stilling som drifts- og vedlikehaldsarbeidar, i hovudsak knytt til drift og vedlikehald av kommunen sine vegar og kyrkjegard.

### Arbeidsplass

Avdelinga omfattar om lag 24 tilsette, der 9 medarbeidrarar har oppgåver knytt til drift- og vedlikehald av kommunale vatn- og avlaupsanlegg, veger, kaiar, plassar, grøntanlegg og kyrkjegard. Basen ligg på Melandskaret.

Avdelinga praktiserer eit omfattande tverrfagleg samarbeid, m.a. med drifts- og vedlikehaldspersonalet knytt til kommunale bygningar og bustader.

### Arbeidsoppgåver

Oppgåvene omfattar i utgangspunktet drift og vedlikehald av kommunen sine veger og kyrkjegard, i hovudsak som maskinførar. Arbeidet kan også omfatte drift og vedlikehald av kommunale vatn- og avlaupsanlegg, eller andre anlegg knytt til kommunale bygg / bustader når det er nødvendig. Oppsynsmann har ansvar for å fordele arbeid og oppgåver på den mest optimale måten, avdelinga sett under eitt.

Til stillingen ligg brøyteberedskap utanom ordinær arbeidstid kvar 3. veke i vintersesongen.

### Kvalifikasjonskrav

Vi søker deg som har fagbrev som maskinførar. Anna bakgrunn i kombinasjon med relevant erfaring kan vurderast.

Vi vil legge vekt på at den som får stillinga

- Har relevant erfaring som maskinførar
- Har førarkort for lastebil
- Har kranførarbevis for kran på lastebil
- Har positiv tilnærming til arbeidsoppgåvene
- Arbeider effektivt
- Likar å samarbeide internt og med andre fagområde
- Trives med kontakt med innbyggjarane
- Tek ansvar og kan arbeide sjølvstendig
- Legg vekt på god service
- Er lojal

### Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

Eigen beredskapsgodtgjersle.

God pensjonsordning og fleksibel arbeidstid.

### Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 07.08.2017

Utlyst dato 27.06.2017

Vårref

683/17

### Kontaktperson

Egil J. Gripsgård, Oppsynsmann, tlf: 56178271, mobil: 91870157, egil.gripsgard@meland.kommune.no